

Uttale frå Råd for funksjonshemma i Fitjar i høve budsjettforslag 2018 frå rådmannen

Råd for funksjonshemma meiner at det er vanskeleg å lesa konsekvensane av dette budsjettforslaget på nokre hovudområde, særleg når det gjeld pleie og omsorg.

Rådet er klar over at dette er rådmannen sitt forslag. Me kjem evt tilbake med ein uttale etter at formannskapet har lagt fram sitt budsjettforslag.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg skal spara ca. 2 millionar.

Av desse er ca. 1,6 millionar omtala som «Omsorgstenester reduksjon i ekstra hjelp og anna løn», medan resten av summen er forklart meir detaljert.

Det er vanskeleg for oss i rådet å uttala oss om konsekvensane av desse 1,6 millionane i innsparing når me ikkje konkret veit kvar desse innsparingane skal skje. Me finn det litt lite informativt når me samanliknar med t.d. skulebudsjettet som har forklart millioninnsparing meir i detalj.

Me synes difor at ein burde vore meir detaljert i forklaringa av ei innsparing på 1,6 millionar, som jo er eit høgt beløp. Budsjettet skal handsamast politisk og det burde difor vore meir tydeleg med tanke på konsekvensar av innsparinga. Ein så høg innsparing innan løn vil me anta rammar brukarar av tenester på ein eller annan måte. Me stiller oss difor litt spørjande til at kommunen samstundes har auka den administrative ressursen innan pleie og omsorg mykje «over natta», noko som og slår ut på budsjettet og må gi meir innsparingar på andre område innan helse og omsorg..

Skule

Både Rimbareid skule og Øvrebygda skule misser lærartimar til spesialundervisning. Til saman forsvinn 30 spesialundervisningstimar. Me er ueinige i at spesialundervisningstimane skal reduserast. Elevar med spesielle behov har fått tildelt desse timane på bakgrunn av ei sakkunnig tilråding frå PPT. Den sakkunnige tilråinga gjeld for 3 år om gongen.

Erfaringsmessig vert det ikkje tilrådd færre timar i dei sakkunnige vurderingane når desse skal revurderast. Snarare tvert om.

Vedtaka er einskildvedtak som kan klagast inn til Fylkesmannen i Hordaland.

Når skulebudsjettet, i tillegg til å redusera timar til spesialundervisning, og skal redusera SNO timar (særskild norskopplæring) og slå saman elevar til store klassar, er det grunn til uro.

Det er slik me ser det berre mogleg å spara timar til spesialundervisning på 3 ulike måtar. Enten ved at elevane får tildelt færre timar, ved at elevar deler timar eller at det vert færre elevar som treng timar.

Elevar som mottok timar til spesialundervisning kan ha veldig ulike behov. Det kan difor vera svært vanskeleg å «dela» timar med ein annan elev, sjølv om veit at det allereie no kan vera ugunstige delingar av spesialundervisningstimar.

Spesialundervisninga skal dessutan i størst mogleg grad føregå i klasserommet. Om ein slår saman timar til spesialundervisning med elevar frå ulike klassar, må dei alltid ut av klassen. Det er ein uakseptabel segregering.

Me saknar difor ei vurdering av kvifor ein kan spara inn desse timane.

Forsvinn det til dømes ut mange spesialundervisningstimar når noverande 10 klasse sluttar og veit ein at det ikkje kjem andre barn med same mengd spesialundervisning i komande 1. klasse eller komande 2. klasse?

Andre kommentarar til budsjettet

1)

Rådet er oppteken av at budsjetthandsaminga skal vera informativ så tidleg som mogleg. Sjølv om møta er opne så er det ikkje mange som kjem på eit ope møte tidleg på dagen.

Sjølv hadde Rådet avtalt møte 6 dagar etter at budsjettet vart framlagt for formannskapet. Me måtte likevel avlysa møtet vårt då det i løpet av dei 6 dagane ikkje var mogleg å lesa budsjettforslaget frå rådmannen på kommunens nettsider då den skriftlege framstillinga ikkje var klar.

Rådet foreslår at ein for neste års budsjett gjer ein endring med tanke på budsjettframlegging.

Me foreslår at rådmannen legg frem budsjettforslaget på eit møte, felles for alle utvala, på t.d. Kulturhuset. Eit slikt møte vil då vera obligatorisk for politikarane og i tillegg vera ope for publikum. Ein bør ha eit slikt møte litt utpå dagen slik at fleire har høve til å koma. Og det bør vera tilgjengeleg skriftleg straks etter at møtet er ferdig, seinast neste dag.

2)

Rådet meiner at det bør setjast av minimum 100.000 kroner i 2018 til investering til kommunale bygg med tanke på Universell utforming. Fleire kommunale bygg manglar god nok universell utforming. Dette gjeld m.a. på Rimbareid skule, Øvrebygda skule og Havnahuset .

Rådet ønskjer i samråd med administrasjonen å sjå på prioritering av tiltak her.

Rådet er ueinig i at lys på leikeplassen til Rimbareid skule er tatt vekk frå budsjett 2018. Rimbareid har ein stor skuleplass for dei yngste elevane der det er svært mørkt om

morgonen på den mørke årstida. Hinderløype og fotballplass er ikkje opplyst, noko som er uforsvarleg for alle og særst uheldig for funksjonshemma elevar.

3)

Rådet fekk midlar frå kommunen i høve å gjennomføra eit forprosjekt ang. VTA (varig tilrettelagt arbeid) og dagaktivitetsplassar i Fitjar kommune. Dette forprosjektet er no gjennomført og det er laga ein forprosjektrapport. Rådet synes det er ein grundig og god rapport og stiller seg bak konklusjonane i rapporten. Me meiner at kommunen bør gjera eit prinsippvedtak om å jobba for å få tildelt VTA plassar i Fitjar kommune og jobba vidare med saken. Rapporten har kome med eit godt forslag til kva som bør vera med i eit slikt prinsippvedtak.

Ein bør og innarbeide framtidige VTA plassar i langtidsbudsjettet til kommunen og jobba vidare med tilrådingane frå forprosjektrapporten både med tanke på VTA plassar og dagaktivitetsplassar.

Kari Fjugstad Giske (leiar)